

Søknad om salsløyve for øl/rusbrus i Leikanger kommune 2012 -2016

1. Løyvesøkjjar er ein fysisk person			
Namn:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon:	Telefax:	
2. Løyvesøkjjar er eit firma (driftselskapet)			
Firmanamn:		Adresse:	
Dagleg leiar:		Føretaksnr.:	
Telefon:		Telefax:	
3. Personlege eigarinteresser i firmaet			
Namn:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon/Fax:	Eigarandel:	
Namn:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon/Fax:	Eigarandel:	
Namn:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon/Fax:	Eigarandel:	
Namn:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon/Fax:	Eigarandel:	
4. Firma har eigarinteresser:			
Firmanamn:		Adresse:	
Telefon:		Telefax:	
Foretaksnr.:	Eigarandel:	Antal aksjonærar:	
Namn på aksjonærar:	Adresse:	Telefon/Fax:	Eigarandel
5. Styrar og avløyssar for salsløyvet:			
Styrar:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon:	Telefax:	
Avløyssar:		Adresse:	
Personnr.:	Telefon:	Telefax:	

Styrar og avløyssar for salsløyvet må dokumentere gjennomført og greidd kunnskapsprøve i alkohollova - Jfr. lov av 02.06.89 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk §1-7c.

Skriv grunngjeving her dersom det er aktuelt å søkje fritak frå kravet om å ha avløysar:

--

6. Utsalsstaden	
Namn:	Adresse:
Telefon:	Telefax:
Verksemda sitt varesortiment:	
Sal av alkohol (Øl/rusbrus):	
Areal i m2:	
7. Opningstid:	
8. Rutinar for internkontroll	

Vedlegg:

1. Firmaattest for alle selskap som er involvert
2. Dokumentasjon på greidd kunnskapspørve i alkohollova for styrar og avløysar
3. Teikningar/skisse av salsarealet med plassering av øldisk

STADFESTING:

Eg forpliktar meg til å

- orientere Leikanger kommune om evt. driftsendringar
- søke om godkjenning ved skifte av styrar/avløysar for salsløyvet, eller vesentlege endringar i eigartilhøvet
- sende årleg oppgåve over omsett volum av øl i utsalsstaden til Stryn kommune.

Eg samtykkjer i at det vert innhenta oppgåve over utsalsstaden sitt innkjøp av øl frå leverandør med løyve til tilverking- eller grossal av øl til bruk for kommunen ved fastsetting av det årlege alkoholgebyret.

Leikanger ,/.....2012

Søklar si underskrift

Rettleiing for utfylling av søknad om salsløyve for øl/rusbrus

1 – 4 Løyvesøkjjar:

Salsløyve for øl/rusbrus med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent vert gjeve til den som har det økonomiske ansvar i verk semda. Løyvehavar kan vere ein fysisk eller ein juridisk person, t.d eit ansvarleg selskap, eit aksjeselskap eller liknande. Løyve vert tildelt den som har det økonomiske ansvaret for sjølve salsverksemda, dvs. driftsselskapet. Dersom utsalsstaden vert dreven som eineiegarføretak, vert løyve tildelt vedkomande fysiske person. Dersom det er ein juridisk person som står for drifta, vert løyve tildelt denne. Løyve kan berre verte tildelt lovleg stifta juridisk person.

Eigar(ar):

Punktet vert å fylle ut med namn, adresse, personnummer (for fysiske personar med eigarinteresser), føretaksnummer og aksjeeigarar (for firma med eigarinteresser). Alle eigarinteresser vert oppført i prosent.

Vandelskrav:

Sentrale personar i verksemda må ha utvist uklanderleg vandel. Kravet rettar seg mot løyvehavar og person som eig vesentleg del av verksemda eller vesentleg del av selskap som driv verksemda, eller som oppeber ein vesentleg del av verksemda sine inntekter.

Det rettar seg også mot løyvehavar og person som i kraft av si stilling som leiar har vesentleg innverknad på verksemda. Dette vandelskravet medfører at desse personane ikkje kan ha forbrote seg mot relevant lovgjeving, dvs. alkohollovgjevinga, reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål, samt skatte-,avgift- og rekneskapslovgjevinga.

Kommunen kan be om at løyvesøkjjar gjere greie for kven det er relevant å vurdere i høve til vandel. Kommunen kan også be om at søkjaren dokumenterar kvar person sin vandel i den grad det er mogeleg, t.d ved framlegging av skatteattestar. Kommunen kan vidare be om uttale frå politiet og skatte- og avgiftsmynde.

5. Styrar og avløyssar:

For kvart løyve vert å peike ut styrar og avløyssar som må godkjennast av løyvetildelar. Styrar og avløyssar må vere tilsett på salsstaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. Som styrar kan kun den verte peika ut som har styringsrett over ølsalet, og som har ansvar for å føre tilsyn med utøvinga av løyvet. I styrar sitt fråvær kviler styrar sine plikter på avløyssarar. Løyvehavar må straks søkje om godkjenning av ny styrar og avløyssar dersom nokon av dei sluttar.

Styrar og avløyssar må vere over 20 år og ha dokumentert kunnskap om alkohollova og reglar gjevne i medhald av den. Vidare må styrar og avløyssar ha utvist uklanderleg vandel i høve alkohollova og reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål.

Kravet om å ha avløyssarar for styrar kan fråvikast dersom det verkar urimeleg t.d. i høve salsstaden sin storleik. Dersom det er aktuelt å søkje om fritak frå kravet, må det grunngjevast under punkt 5 i søknadsskjemaet.

6. Utsalsstaden:

Her vert opplyst om salsstaden sitt namn og adresse og om varesortimentet. Merk at det ikkje vert gjeve salsløyve for øl/rusbrus til bensinstasjon og kiosk.

Utsalsstaden sitt areal:

Salsløyve kan berre verte utøvd i eit bestemt, godkjent lokale. Alle søkjarar skal legge ved teikning/skisse over salsarealet. Teikninga skal vere påført mål. Det er eit krav at det er klart skilje mellom varer med og utan alkohol.

7. Opningstid

Verksemda si opningstid

Salstid for øl/rusbrus:

Kommunestyret har i rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteke at salstidene for øl, innanfor lova sine maksimaltider (08.00 – 20.00 på kvardagar og 08.00 – 18.00 på dagar før sun- og helgedagar), bør følgja dei ordinære opningstidene for butikkane.

8. Internkontroll

Det er eit krav at løyvehavar har system for å overhalde regelverket. Gjer kort greie for verksemda sitt internkontrollsystem, rutinar ein har for sal av alkoholhaldige varer og opplæring av personalet

Søknad vert å sende: Leikanger kommune, Skrivarvegen 7, 6863 Leikanger.

